

Var redd for gutedoen

RADØY: Gutedoen på Tjore skule var så skummel at han ikkje torde gå der, kunne ordførar Jon Askeland fortelja då han snakka om sin første skuledag på Vestnorsk utvandringssenter søndag.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Eg gledde meg veldig til å begynna på skulen, og det var kjekt. Me var 14 i klassen, og dei fleste har eg kontakt med enno. Men på gamle Tjore skule, der eg begynte i 1971, var det ei bratt trapp på utsida som er var livredd for. Og gutedoen torde eg ikkje bruka. Det var ein utedo som lukta forferdeleg, minst Askeland då han opna utstillinga «Min første skuledag» i den gamle skulestova på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta søndag.

Tjore skule er i dag eit privat-hus. Han vart nedlagd i 1973, då den nye Sæbø skule vart opna.

Samla forteljingar

Utstillinga «Min første skuledag» er del av prosjektet Digitale forteljingar, som vart starta i Kulturminneåret 2009. Prosjektet går ut på å gjera opptak med folk som fortel om viktige hendingar i livet sitt for å dokumentera samtishistoria. Forteljingane vert gjorde tilgjengeleg på nettet på digitalfortalt.no.

Det er kulturvitar Mariela Norheim og antropolog Åshild S. F. Thorsen ved Museums-senteret for Hordaland i Salhus som har starta arbeidet med å samla inn forteljingar om «Min

første skuledag». I vår har dei intervjuet born som deltok på ein leir som organisasjonen CISV hadde i Nordhordland, der det deltok unge frå mange land.

Vist på data

Dei har også gjort opptak med eldre folk som er med i vennefor-eininga for Trikotasjemuseet på Salhus, og med unge innvandrar i Bergen.

Nokre historier fekk ein også inn på Familiedagen på Sletta i juli. Til saman har ein no vel 40 historier, som vert viste på data på utstillinga. Ein har også fått nokre bilde frå første skuledag, og frå gardsmuseet på Nordanger har ein fått låna litt gammalt skuleutstyr.

Frå mange land

– Men meininga er at me skal samla inn forteljingar om første skuledag både her i landet og i andre land, mellom anna USA. Me har eit samarbeid med Vesterheim Norwegian – American Museum i Decorah, Iowa. Der håpar me å få intervju både med unge i dag og forteljingar frå eldre folk som innvandra til USA, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter.

– På mange måtar er det parallellar mellom det å begynna på skulen og det å koma til eit nytt land. Begge deler vil seia å gje seg inn i det ukjende.

Elevane ved skulane i Radøy vil verta inviterte til utstillinga på Sletta, og dei vert også inviterte til å fortelja om sin første skuledag og ta med bilde.

Første stad

– Me er veldig glade for å vera første plass som har denne utstillinga. Ho skal stå her til 18. september, fortel Dyrkorn Heierland.

Etterpå skal utstillinga stå på rådhuset i Bergen, og deretter skal ho ut på vandring til museum rundt i landet.



KJEKT OG SKUMMEL: Det var både kjekt og skummelt å begynna på skulen, sa ordførar Jon Askeland under opninga av utstillinga «Min første skuledag» på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta søndag. Askeland hadde også med klassebilde.



INTERVJUA: Mariela Norheim (til venstre) og Åshild S. F. Thorsen har intervjuet unge og eldre om den første skuledagen deira.



SKULESTOVA: Utstillinga «Min første skuledag» vert arrangert i den gamle skulestova på Sletta. Både store og små hadde møtt fram til opninga.